

SEILINGSBESTEMMELSAR 2015

Reglar:

Regattaen er underlagt reglane slik dei er definert i:
Kappseglingsreglane for 2013 – 2016
NSF's nasjonale forskrifter
NSF's sikkerheitsbestemmelsar for Tur og havseglarar

Dersom det er konflikt mellom innbyding/kunngjering og seglingsbestemmelsane, skal seglingsbestemmelsane gjelde.

Påmelding:

Båtar skal være lovlig påmeldt innan torsdag 1. oktober kl 20:00.

For å være lovlig påmeldt skal:

- Påmelding på Seilmagasinet sine sider må vere godkjent.
Båten ha gyldig NOR-rating målebrev pr. kl.20:00 1. oktober.
- Det må føreligge korrekt mannskapsliste.

Båtar utan gyldig målebrev blir automatisk satt i NOR-Rating TUR

Beskjeder til deltakarane:

Beskjeder til deltakarane vil bli lagt ut på forsida av regattaens heimeside:

<http://www.sailracesystem.no/regatta?regatta=2075>

Vidare blir same beskjed slått opp ved inngangen (vindauge) til Regattakontoret som er lagt til ABB bygget ved gjestehamna (inngang frå sjøsida).

Endringar i seglingsbestemmelsane:

Eventuelle endringar i seglingsbestemmelsane vil også bli slått opp ved inngangen ABB bygget (vindauge), før klokka 11:00 same dag dei trer i kraft, og varslast med signalflagg L heist ved oppslagstavla. Endringar i tidsprogrammet for kappseglasen som vil bli slått opp same stad før klokken 20:00 dagen før dei trer i kraft.

Signaler på land:

Signaler på land vil bli gitt ved "Storrdøra" på moloen i Leirvik Hamn.

Tidsprogram:

Alle klassane startar samstundes, laurdag 3. oktober klokka 12:00,
(1. varselsignal i startprosedyren vert klokka 11:55).



HOVUDSPONSOR:



Løpet:

Det er i år lagt opp til 3 alternative løp. Vindforholda rett før start avgjer kva løp som vert valt og vil bli signalisert ved signalflagg F, G eller J, dette vert seinast satt opp ved 1. varselsignal.

Løp F (ca 16 nmil):

Startar viser **flagg "F"**– seinast ved 1. varselsignalet. Løpet segles slik:

START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Fluholmene om styrbord,
- Terneskeret om styrbord
- Søre Illholmen om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL

Løp G (ca 7 nmil):

Starter viser **flagg "G"** - senest ved 1. varselsignalet.

START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Passholmen om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL

Løp J (ca 11 nmil):

Starter viser **flagg "J"** - senest ved 1. varselsignalet.

START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Passholmen om styrbord,
- Gul Bøye ved Tittelsnesflua om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL

NB! Ver merksam på at det kan være grunt farvatn i nærheta av og rundt oppgitte merker. Du oppmodast derfor til å studere aktuelt sjøkart grundig.

Merker:

Det seiles på faste merker/gule bøyar, start og mållinja ved molo i Leirvik vil være to gule bøyar.



HOVUDSPONSOR:



Starten:

Start klokken 12:00. (1. varselsignal kl. 11:55)
Signaler for start vil bli gitt ved Storddøra, yttarst på moloen Startprosedyre etter Kappseglingsreglene §26.

Startlinje:

Startlinja er definert som den rette linja mellom to gule bøyer

Mållinje:

Mållinja er den same som startlinja.

Avkorting:

Avkorting kan bli gjort på alle merker etter Kappseglingsreglene §32. Mållinje ved avkorting vil være mellom komité båt og næraste merke.

Reklame:

Arrangøren føreheld seg retten til sponsorreklame, og NSF's reklameregler gjelder.

Mannskapsliste:

Av sikkerheitsmessige årsaker skal fullstendig mannskapsliste vere oppdatert i påmeldinga på Seilmagasinet.no eller levert regattakontoret før kl. 1100 før start!

Båtar som ikkje har ført opp mannskapsliste er ikkje riktig påmeldt og er dermed ikkje startberettiga.

Klasser, signalflagg:

Det segles i følgjande klassar:

- NOR- rating t.o.m 0,920
- NOR- rating 0,921- 0,984
- NOR- rating over 0,984
- NOR- rating Shorthanded
- NOR- rating Utan spinnaker
- TUR- klasse

Arrangøren kan slå saman klassar avhengig av antall påmeldte båtar

Eintype: Dersom det blir påmeldt 3 eller fleire av stamme einstype båt i NOR Rating, kan arrangøren opprette egne klasser for desse båtane.

Klasseflagg D gjeld for alle klassane. Dersom klasseinndelinga vert urimelig og eller skeivt fordelt i forhold til påmeldte båtar, kan regattaleiinga foreta endringar i klasseinndelinga for å betre på dette.



HOVUDSPONSOR:



WÄRTSILÄ WINDJAMMER RACE

2015

Seglasen segles i høve til norske NOR- ratingreglar og det nyttas resultatberekning **TID PÅ TID**.

Sikkerheits kategori:

Kategori 6, det skal være en (1) mobiltelefon om bord. Alle båtar skal oppgi mobiltelefonnummer på mannskapslista.

Utstyr og måle kontroller:

En båt eller utstyr kan bli kontrollert for uoverensstemmelsar med klasseregler og seglingsbestemmelsar.

Maksimaltid:

Båtar som ikkje har passert mållinja kl 18.00 reknes som DNF

Broten seilas:

Båtar som har brote seglasen skal straks underrette arrangøren om dette på **Mob: 954 93 144** (Jonas Børtveit)

Protester:

Protester skal leverest regattakontoret utan unødvendig opphald og seinast 30 min etter siste båts målgang.

VHF / Sikkerheit:

VHF kanal 77 skal nyttas som meldingskanal samen med kanal 16 for naudmeldingar. Så lenge regattaen varer lyttar regattaleiinga på disse kanalane.

Ansvarsfråskriving:

Stord Seilforening har som arrangør ikkje ansvar for uhell eller skader av nokon art som måtte skje på båtar og/eller mannskap. Kvar deltakar skal ha gyldig ansvarsforsikring på egen båt.

Premier:

Det vert delt ut premier til 1/3 av dei beste båtane i kvar klasse. Beste båt NOR-rating (Overall vinner) vil få napp i vandrepokal.

Det er egen premiering for beste startende båt og det vert egen premiering i KlasseTUR.

Premieutdeling vil bli på Wärtsilä Windjammer Race festen ca kl 21:30 same dag.

(Festen begynner kl. 19.30, på Stord Hotell. Mat servering frå kl:20.00)

GOD SEILAS !

*Regattastyret i Stord
Seilforening*



HOVUDSPONSOR:




2015

WÄRTSILÄ WINDJAMMER RACE

BANESKISSE Løp "F":

Ca 16 N mil



HOVUDSPONSOR:




WÄRTSILÄ WINDJAMMER RACE

2015

BANESKISSE Løp "G":

Ca 7 N mil



FRONTA

STORD HOTELL

DEEPOCEAN

STORD
WS

SEIL
regulering

SPAR

omega

seil
maker
Iversen

HOVUDSPONSOR:

WÄRTSILÄ

WÄRTSILÄ WINDJAMMER RACE

2015

BANESKISSE Løp "J": Ca 11 N mil



HOVUDSPONSOR:

